

# SAMLA SAKSFRAMSTILLING

## Tysnes kommune

Arkivsak : 10/41 -  
Arkivkode: 500

Sakshandsamar: Asle Bernt Rekve

### Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 27/12	FORMANNSKAPET	24.04.12
PS 31/12	KOMMUNESTYRET	26.04.12

### PLANVEDTAK - AREALDELEN I KOMMUNEPLANEN FOR PERIODEN 2010 - 2022

- Vedlegg:**
1. Møtebok. Tysnes kommunestyre, sak 38/11, 27.09.11.
  2. Fråsegn. Hordaland Fylkeskommune, datert 15.02.12.
  3. Fråsegn. Riksantikvaren, datert 18.11.11.
  4. Fråsegn. Fylkesmannen i Hordaland, datert 13.01.12.
  5. Fråsegn. Fiskeridirektoratet, datert 09.01.12.
  6. Fråsegn. Kystverket Vest, datert 01.12.11.
  7. Fråsegn. Noregs vassdrags- og energidirektorat, datert 28.10.11.
  8. Hålandsneset Grendalag, datert 16.12.11 og 30.01.12.
  9. Alsaker Fjordbruk, datert 13.01.12.
  10. Tornes Grunneigarlag, datert 11.01.12.
  11. Lunde Bygdelag, datert 05.01.12.
  12. Arbeidsgruppa for Fjordlandsbyen Våge, datert 07.10.11 og 27.10.11.
  13. Brynjulf Dalland, datert 25.02.12
  14. Harald Vindenes, datert 20.01.12 m/fl. tidlegare skriv.
  15. Marit og Øyvind Christensen, datert 11.01.12.
  16. Steinar Dalland, datert 10.01.12.
  17. Asbjørn Myklestad, datert 11.01.12.
  18. Ole Johan Vernøy, datert 06.01.12
  19. Nils Sletteskog, datert 09.01.12
  20. Einar Wathne, datert 11.01.12.
  21. Johnny Ve, datert 10.01.12.
  22. Wenche Veland, datert 28.12.11.
  23. Lars Rune Kaldestad, datert 06.01.12.
  24. Jørn Vidar Veland, datert 02.01.12.
  25. Kjetil Lavik, datert 28.12.11.
  26. Lars Vernøy Hope, datert 05.12.11.
  27. Einar Aslaksen, datert 02.12.11.
  28. Albert Muilwijk, datert 28.11.11.
  29. Helse- og sosialsjef, datert 23.11.11.

- 30. Åse Egeland og Rune Forland, datert 10.11.11.**
- 31. Vidar Vedå, datert 21.10.11 m/fl.**
- 32. Tabell over motsegner frå fylkesmann og fylkeskommune. Rev. 19/2-12.**
- 33. Hordaland fylkeskommune. Vedkomande motsegn. Datert 12.04.12.**
- 34. Fylkesmannen i Hordaland. Møter og drøftingar om motsegner. Datert 12.04.12.**

Alle fråsegner og merknader vert oppsummert og kommentert i saksutgreiinga. Alle plandokument ligg framleis på framsida til [www.tysnes.kommune.no](http://www.tysnes.kommune.no), og på rådmannen sitt kontor.

### **SAKSUTGREIING:**

Framlegg til arealdelen i kommuneplanen vart sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn på grunnlag av kommunestyre sitt vedtak den 27. september 2011. Planen inneheld 67 nye areal. Arealoversikt går fram av vedlegg 1. Planomtale, kart, føresegner, konsekvensutgreiing og plangis m.m. ligg på [www.tysnes.kommune.no](http://www.tysnes.kommune.no).

Plandokumenta vart sendt fylkesmannen, fylkeskommunen, kystverket, fiskeridirektoratet, Statens vegvesen, Noregs vassdrags- og energiverk (NVE), og alle kommunale etatar i Tysnes. Planframlegget vart kunngjort i blada "Tysnes og Sunnhordland".

Det er komme inn 30 merknader og fråsegner til planarbeidet. Av desse er 6 frå offentlege eksterne instansar, 4 frå bygdelag, 1 frå bedrift, 1 frå helse- og sosialsjef i Tysnes, og 18 frå privatpersonar. Frå enkelte fleire skriv.

Bygdelag, grunneigarlag og privatpersonar er ikkje formell part i saka, og kommunen står fritt til om ein vil ta omsyn til merknadane. Dersom kommunen vel å leggja inn nye areal på grunnlag av desse fråsegnene, må planframlegget leggjast ut til offentleg ettersyn på nytt.

Ytre etatar som har gjeve fråsegn kan koma med motsegn, og dermed ta godkjenningssmynde frå kommunestyre dersom kommunen ikkje rettar seg til motsegna. Av ytre etatar er det komme fråsegn frå fiskeridirektoratet, kystverket, riksantikvaren, NVE, fylkeskommunen og fylkesmannen. Statens vegvesen har ikkje gjeve fråsegn.

Fiskeridirektoratet., kystverket og NVE har ikkje komme med motsegn. Merknadane er av ein slik art at dei fleste vert teke omsyn til utan at det får negativ verknad.

Riksantikvaren varslar motsegn sjølv etter kulturminnelova, dersom fylkeskommunen ikkje kjem med motsegn.

Fylkesmannen har motsegn på 20 areal og 13 punkt i føresegnene, og 4 endringsforslag av areal og 6 i føresegner.

Fylkeskommunen har motsegn til 4 areal. I tillegg 7 motsegner og krav til endringar i føresegnene.

Sjå vedlegg 32, tabell over motsegner, grenseendring og frårådingar.

## Fråsegner og merknader med rådmannen sin kommentar:

Rådmannen sine framlegg til endringar av planen er framheva med feit skrift.

### Hordaland Fylkeskommune

Fylkesrådmannen hadde i si innstilling til kultur- og ressursutvalet (KRU) motsegn til 4 areal + føresegner knytt til desse, - merknader/vilkår til 8 areal, og 2 punkt i føresegner utanom kultur.

Etter initiativ frå ordføraren var KRU på synfaring og møte på Tysnes den 2. februar d.å. I tillegg til 2 representantar frå KRU deltok representantar frå fylkesadministrasjonen, kommunen, Alsaker Fjordbruk, og Tveit og Onarheim Bygdelaag.

I den politiske handsaminga i fylkeskommunen vart desse areal teke ut av fråsegna; -motsegn til naustområde på Tveit (O14), og vilkår/merknader til; -bustadområde på Lande(T1), - spreidde bustadområde i Gjersvik/Seeberg (T4 og T5), Skorpetveit (O4) og Hovland (O7), - småbåthamn i Humlevik (Hetledalen, L6), - og kombinerte formål på Elsåkerneset (O 12).

Etter dette stod det i høve att motsegner til:

- Kombinert byggje- og anleggsformål. Onarheim sentrum.
- Omsorgsenter m.m. Myklestad, Uggdal, U14.
- Mellomalderkyrkjestader i Onarheim, Uggdal og Tysnes skal visast som omsynssone d).
- Næringsformål på Årbakka, O17.
- Bustad/sentrumsføremål i Våge-Svevågen, T2
- Føresegnene til LNF-areal.

Plansjefen i Tysnes har i møte i Bergen den 22. februar og synfaring på Tysnes 14. mars d.å., drøfta med fylkeskonservator og riksantikvar korleis motsegnene kan fella bort. I skriv datert 12. april d.å. gjer fylkeskonservatoren ei vurdering av korleis motsegnene kan trekkjast.

### Kombinert byggje- og anleggsformål. Onarheim sentrum.

*Arealet kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne, mellomalder kyrkjestad på Onarheim, og verneverdig kulturmiljø. Motsegna fell bort dersom arealet vert teke ut av planen og den automatisk freda kyrkjestaden vert gjeve omsynssone d).*

Parallelt med kommuneplanarbeid har det vore arbeidd med reguleringsplan for Onarheim sentrum. I samråd med fylkeskommunen vart arealet som var under regulering lagt inn som kombinert byggje- og anleggsformål med merknad om at endelege formål skal avklarast i reguleringsplanen. Kommunen har i dialog med fylkeskommunen og riksantikvaren argumentert sterkt for at det som vert godkjent i kommuneplanen ikkje skal vera til hinder for det resultat me kjem fram til i reguleringsplanen. Likevel seier fylkeskonservatoren dette i skriv datert 12.april:

«Tilhøvet til kulturminne på Onarheim vil måtte avklarast i samband med utarbeiding av reguleringsplan i arealet. Motsegn til dette arealet vil kunne trekkjast dersom nytt areal kombinert bygge- og anleggsføremål/sentrumsføremål blir teke ut av planen, og omsynssoner c og d blir lagt inn i plankartet i tråd med våre innspel, samt tilhøyrande føresegner og retningslinjer.»

Vert dette arealet teke ut av planen vil det ikkje verta nye areal i Onarheim sentrum. Det som er nytt areal knytt til motsegna er ein liten trekant nordvest for kyrkja til gravplass, og ein del av arealet mellom kyrkja og skulen, tenkt til sentrumsformål.

I prosessen fram mot godkjent planprogram for reguleringsplan for Onarheim sentrum sa både fylkeskommunen og fylkesmannen at vidare arbeid med reguleringsplanen måtte avvanta kommuneplanrulleringa. No seier fylkeskonservatoren det motsatte. Resultatet av det vil då truleg verta at reguleringsplanen vert avvist fordi arealet ikkje er med i kommuneplanen.

Etter kommunen sitt syn må det rette vera at det nye arealet kjem med i kommuneplanen, men dersom me ikkje når fram i reguleringsplanen, går det nye arealet ut av kommuneplanen.

Kommunen bør i første omgang be om eit nytt møte med fylkeskommunen. Når kommunen ikkje fram der bør me be om formell mekling, og om nødvendig lata avklåringa gå vidare til Miljøverndepartementet.

Dersom areala kjem med i kommuneplanen vil det vera kurrant å leggja inn omsynssone c og d i samsvar med fylkeskonservatoren sitt innspel.

#### Omsorgsenter m.m., Myklestad, Uggdal, U14.

*Arealet kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne, mellomalder kyrkjestad på Onarheim, og verneverdig kulturmiljø. Motsegna fell bort dersom arealet vert teke ut av planen og den automatisk freda kyrkjestaden vert gjeve omsynssone d).*

Kommunen har ikkje bruk for heile dette arealet på kort sikt. Men i møte med fylkeskommunen den 30. mars 2011 fekk kommunen det råd å tenkja langsiktig med tanke på framtidige offentlege og private tenester. I høyringsrunden har riksantikvaren rådd fylkeskommunen til motsegn til det same arealet ut frå konflikt i forhold til kyrkjestaden i Uggdal.

I skriv datert 12 april seier fylkeskonservatoren dette:

«Vi vurderer at motsegn vil kunne trekkjast til dette arealet, så fremt det blir lagt inn omsynssoner d over automatisk freda kulturminne (kyrkjestaden og hustufta) og omsynssone c i plankartet i tråd med våre innspel, samt føresegner og retningslinjer.»

**Det vil vera tenleg for kommunen å leggja inn omsynssoner og nødvendige føresegner og retningslinjer. Då vil kulturminna få nærare avklåringa på reguleringsplannivå.**

#### Mellomalderkyrkjestader i Onarheim, Uggdal og Tysnes.

*Krav om at desse kyrkjestadane skal visast som omsynssone d) og få tilknytt 2 punkt i føresegnene.*

**Rådmannen rår til at dette vert gjort. Nye punkt i føresegnene vert då:**

**”Mellomalderkyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillete i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep.”**

**”Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan virke inn på det automatisk freda kulturminne er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rette antikvariske mynde, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar, vert belasta tiltakshavar.**

Næringsformål på Årbakka, O17.

*Utviding av arealet opnar for tiltak som kan ha sterk negativ verknad på det automatisk freda kulturminne i tilstøytande areal, og den verneverdige handelsstaden.*

Under synfaring den 2. februar d.å. kom det fram at tiltakshavar kunne klara seg med det arealet som ligg i planen frå tidlegare, dersom han fekk byggja det han hadde lagt fram for fylkeskommunen tidlegare. Fylkeskommunen gjekk god for det.

**Rådmannen rår til at areal O 17 vert teke ut av planen.**

Bustad/sentrumsføremaal i Våge-Svevågen, T2

*Arealet kjem i direkte konflikt med 2 automatisk freda kulturminne, ei gravrøys og ein hellar. Motsegna fell bort dersom arealet vert teke ut av planen, alternativt at kulturminna vert gjeve omsynssone d) og c) i eit tilstrekkeleg areal kring.*

I skriv datert 12 april d.å seier fylkeskonservatoren:

«Motsegn til dette arealet vil kunne trekkjast så fremt det blir lagt inn omsynssoner d og c i plankartet i tråd med våre innspel, samt tilhøyrande føresegner og retningslinjer.»

**Rådmannen rår til at kulturminna vert liggjande med omsynssoner i samsvar med fylkeskonservatoren sitt innspel.**

**Omsynssone d) vert tilknytt dette punkt:**

**”Det automatisk freda kulturminne er bandlagt etter kulturminnelova. Tiltak eller inngrep som kan øydeleggja, skada, tildekkja eller på annan måte utilbørleg skjemme kulturminne mellombels eller permanent, er ikkje tillete, jfr. Kulturminnelova §3.”**

**Omsynssone c) vert tilknytt dette punkt:**

**”Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminne i område. Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering i forhold til kulturminnelova § 3”**

Generelle og føresegner til LNF-areal.

*Føresegnene tek ikkje nok omsyn til verneverdige kulturminne, kulturmiljø og potensial for hittil ukjende kulturminne.*

**Rådmannen rår til at desse 2 punkt vert tilført føresegnene:**

**Til LNF-areal**

**”Alle tiltak i ubebygde eigedomar innanfor spreidd LNF, med unntak av dei tiltaka som er skildra i punkt 7.2.4, skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering i høve kulturminnelova §§ 3, 8 og 9.**

**Til generelle føresegner:**

**”Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø, og andre kulturminne (til dømes sjøbruksmiljø) skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar, og verta sett i stand, jfr.pbl §11-9 nr.7.”**

Føresegner utanom kultur.

*Areal som skal gjelda som LNF-spreidd må visast på plankartet.*

Slik vart plan og bygningslova tolka tidlegare. Fylkesmannen har no komme fram til at dette ikkje er nødvendig. Merknaden vert ikkje teke til etterretning.

*For område i LNF-spreidd naust bør det verta sett plankrav ved fortetting med meir enn 3 nye naust.*

Fylkesmannen hadde motsegn til desse areal. Merknaden vert teke til etterretning. (sjå kommentar til fylkesmannen si fråsegn).

**Fråsegn. Riksantikvaren**

Riksantikvaren har gjeve si fråsegn til fylkeskommunen. Riksantikvaren har rådd til motsegner, og fylkeskommunen har følgd alle desse opp. Riksantikvaren har skreve at dersom fylkeskommunen ikkje følgjer opp motsegnene, vil riksantikvaren sjølv fremja motsegn. Fråsegna til riksantikvaren vert ikkje kommentert meir her, men riksantikvaren si fråsegn i vedlegg 3 inneheld meir utfyllande stoff.

**Fråsegn. Fylkesmannen i Hordaland**

Fylkesmannen hadde motsegn til 20 areal og vilkår/merknader til 4 areal. I tillegg motsegn til 13 punkt og merknader til 6 punkt i føresegnene. I fleire av motsegnene var det lagt opp til at motsegnene fall bort dersom det vart gjort endringar i arealgrenser og det vart plankrav for område med spreidd utbygging.

Plansjefen var den 22. februar i møte med seksjonsleiar og sakshandsamar i fylkesmannen sin planseksjon. På grunnlag av dette møte kom me fram til kva som måtte gjerast av endringar og vilkår for at motsegnene og krav kunne falla bort for 9 areal. I tillegg ville fylkesmannen vurdere motsegner for 7 areal på nytt. Den 19. mars d.å. melder fylkesmannen at motsegn fell bort for ytterlegare 3 areal. (Sjå tabell under)

Motsegner og merknader til føresegner vart også gjennomgått i møte den 22. februar, og fylkesmannen ville ut frå drøftinga i møte vurdere føresegnene på nytt.

Resterande motsegner vart teke opp med fylkesmann Lars Sponheim i møte og synfaring på Tysnes den 30. mars d.å. Resultat frå dette møte var at motsegnene fall bort for:

- T3. Småbåthamn i Gjersvika/Gjerstad.
- U9. Småbåthamn i Uggdalsstøo.
- O7. Spreidd bustad i LNF på Hovland.

**Motsegner til areal og resultat frå møter med fylkesmannen den 22. februar og 30. mars d.å.**

**Spreidd bustad i LNF.**

Motsegn og merknader til 8 av 18 areal.

<b>Areal</b>	<b>Konklusjon i møter med fylkesmannen.</b>
R9 Reksteren.	<i>Motsegn grunna storleiken. 22/2: Motsegn trekt dersom areal vest og nord for Hope vert teke ut av planen. Bygging må skje i nærleiken av eksisterande busetnad og infrastruktur. Avstand til driftsbygning må inn i føresegner. (Dei ligg alt inne i føresegnene med 100m avstand til frådelt tomt.)</i>
O4 Skorpetveit	<i>Konflikt i forhold til edellauvskog og landskap. 22/2: Omsyn til dette vert teke inn i føresegner i føresegner.</i>
U2 Hålandsneset	<i>Motsegn grunna storleik. 10 einingar bør setja krav om reguleringsplan. 22/2: Motsegn vert trekt dersom området vert redusert til langs vegar og der det er busetnad frå før. Delt i fleire område, men totalt 10 bustader.</i>
O7 Hovland.	<i>Motsegn grunna kulturlandskap og landbruk. 22/2: Motsegn vert ikkje trekt. 81% av areal er kulturlandskap og kjerneområde landbruk. Drifts- og miljømessige ulemper for landbruket. I møte med fylkesmannen den 30/3 vart motsegna oppheva utan vilkår.</i>
U5 Nese	<i>Motsegn grunna storleiken. 22/2: Fylkesmannen vil sjå på nye grenser ut frå framlagte arealressurskart. 19/3: Fylkesmannen melder tilbake at motsegna vert trekt dersom all dyrka mark vert halde utanom grensene.</i>
L2 Bakka	<i>Motsegn grunna landbruk. 22/2: Står på motsegn, men kan godkjenne frådelt tomt til Magne Lunde.</i>
T4 Seeberg I	<i>Motsegn grunna landbruk og nærleik til Våge sentrum. 22/2: Motsegn vert ikkje trekt. Ligg for nært sentrum og vil skapa eit byggjepress på omkringliggjande areal..</i>
T5 Seeberg II	<i>Motsegn grunna landbruk og nærleik til Våge sentrum. 22/2: Motsegn vert ikkje trekt. Ligg for nært sentrum og vil skapa eit byggjepress på omkringliggjande areal.</i>

### Regulerte bustadfelt

<b>Areal</b>	<b>Konklusjon i møter med fylkesmannen 22/2 og 22/3-12.</b>
O2 Myklebusthagen	<i>Konflikt i forhold til naturbeitemark. 22/2: Det vert sett vilkår om å ta omsyn til desse tilhøva ved utarbeiding av reguleringsplan.</i>
T12 Gjerstad	<i>Motsegn grunna negativ konsekvens for landbruk, strandsone og landskap. 22/2: Motsegn kan trekkjast dersom bustadareal på Lande vert teke ut av planen. Rådmannen prioriterer bustadarealet på Lande. Dette stemmer heilt med vår stadanalyse for Våge. 30/3. Motsegn står ved lag.</i>
R2 Åsvågneset.	<i>Motsegn grunna urørt område, strandsone og regionalt friluftsområde. 22/2 og 30/3: Motsegn vert ikkje trekt.</i>

### Småbåthammer.

<b>Areal</b>	<b>Konklusjon i møter med fylkesmannen.</b>
T3 Gjerstad.	<i>Motsegn. Fylkesmannen viser til tidlegare mekling. I møte med fylkesmannen den 30/3 vart motsegna oppheva. Kommunen vart beden om å sjå på om småbåthamna kunne reduserast ytterst i vika. Mykje av arealet som er vist som småbåthamn er friluftsområde i sjø. Dette vert vist i endeleg plan.</i>
U9 Uggdalsstø	<i>Motsegn grunna landskap, natur- og friluftsområde, strandsone, og ligg i urørt område. 22/2: FM vil vurdere arealet på nytt. Det er bygt skogsbilveg fram til ca. 100 m frå planlagt småbåthamn. Tiltaket er attåtnering for grunn-</i>

	eigaren. 19/3: Fylkesmannen melder at etter ny vurdering står motsegna ved lag. I møte med fylkesmannen den 30/3 vart motsegna oppheva utan vilkår.
U16 Kongsvikvågen.	<i>Motsegn grunna naturtype, kulturlandskap, strandsone og urørt område.</i> 22/2: FM vil sjå nærare på tiltaket. Det finst ikkje felles småbåthamn for gardane Nese, Kongsvik, Leite, Drange og Kleppe. 19/3: Fylkesmannen melder tilbake at motsegna vert trekt. Vilkår at dyrka mark ikkje vert teke i bruk til formåla.
L6 Hetledalen	<i>Motsegn grunna strandsone, landskap og friluftsområde.</i> 22/2: FM vil tenkja på denne. Motsegn vert trekt dersom plasseringa vert alternativ til Gjerstad/Gjersvika. 19/3 melder fylkesmannen at motsegna står ved lag, men kan vera eit forhandlingsareal i møte med fylkesmann Sponheim den 30/3, dersom Hetledalen vert alternativ til Gjerstad/Gjersvika.

### Naust spreidd i LNF.

Areal	Konklusjon i møte med FM.
U13 Drangsvågen.	<i>Konflikt i forhold til naturtypen edellauvskog.</i> 22/2: Vilkår i føresegner: "Det skal ikkje byggjast eller gjerast anleggsarbeid i naturtypen edellauvskog.
U10 Søreidsvågen	<i>Motsegn grunna storleik.</i> 22/2: <i>Motsegn vert trekt dersom krav om reguleringsplan.</i>
T8 Skipavik	<i>Motsegn til småbåtanlegget.</i> 22/2: Fylkesmannen vil sjekka om småbåtanlegg er tilstrekkeleg sikra i føresegner, og i tilfelle kva som må til. 19/3 melder fylkesmannen at motsegna vert trekt. Det er gjort ei oppklaring i at "begrepet" småbåtanlegg står for 2 båtplassar pr. naust.
O16 Hetlelidsjøen.	<i>Motsegn grunna mange tiltak.</i> 22/2. Motsegn trekt dersom krav om reguleringsplan.
O14 Tveitaneset	<i>Motsegn grunna landskap, motsegn og strandsone.</i> 22/2: Motsegn ikkje trekt. FM vil vurdera på nytt dersom det ved hjelp av foto og kartskisser kan dokumenterast at naustområde ikkje kjem i konflikt med landskap, strandsone og landbruk. 19/3 melder fylkesmannen at motsegna står ved lag. I møte med fylkesmannen den 30/3 vart arealet lagt fram med biletdokumentasjon, men motsegna vart ikkje oppheva.
O10 Teigasundet.	<i>Merknad om at område bør regulerast saman med nytt naustområde, O11.</i> 22/2: Semje om å setja krav til reguleringsplan og så for O10.
L8 Synningsneset	<i>Motsegn strandsone, landskap og naturmangfald.</i> 22/2: FM vil vurdera på nytt. 19/3 melder fylkesmannen at motsegna står ved lag.

### Motsegn til samfunnstryggleik og beredskap – ROS analyse.

Fylkesmannen har motsegn til ROS analysen i høve til at krava til teknisk forskrift, TEK 10, ikkje er stetta i kommunen sine akseptkriteriar. Dermed er også grunnlaget for ROS analysen i konsekvensutgreiinga ikkje tilfredstillande. Som ein konsekvens av denne feil og også andre feil i konsekvensutgreiinga, er det motsegn på grunnlag av flaumfare for areal U14, omsorgsbustader m.m i Uggdal, og U17, miljøstasjon i Eredalen.

Kommunen sin konsulent har hatt ein gjennomgang med fylkesmannen om korleis feila kan rettast opp. Konklusjonen er at akseptkriteriar, ROS analyse, og konsekvensutgreiing må ha ein ny gjennomgang.



Kommunen reknar med at motsegna mot areal U14 og U17 fell bort etter denne gjennomgang, eventuelt etter justering av arealgrensar.

### Motsegner og merknader til føresegner.

Føresegner vart drøfta med fylkesmannen i møte 22.februar d.å. Seinare har plansjefen drøfta føresegnene med fylkesmannen sin juridiske fagdirektør, og komme fram til kva som må endrast for at motsegnene vert trekt. Endringar går fram av tabell under.

Pkt.	Formål.	Tiltak og grunn til motsegn og merknader.	Endringar som opphever motsegn. Konklusjon etter møter med fylkesmannen.
4.1.2	Bygn. og anlegg	Ulovleg. Grad utnytting må vera fastsett. Volum og areal. <b>Motsegn</b>	Tilførast: Grad av utnytting går fram av generelle føresegner pkt.3,12, 3.13, og 3,14.
4.2.2	Bustad-område	Gjeld mellom I og II Lundehagen. Ulovleg. Sjå 4.1.2. <b>Motsegn.</b>	Tilførast: Grad av utnytting går fram av generelle føresegner pkt.3,12, 3.13, og 3,14. Heimel PBL § 11-10 nr.1
4.2.3	”	Vee – Teigland. Ulovleg. Sjå 4.1.2. <b>Motsegn</b>	Tilførast: Grad av utnytting går fram av generelle føresegner pkt.3,12, 3.13, og 3,14. Heimel PBL § 11-10 nr.1
4.7.3	Næring.	Gjeld energiltak. Uppreis, bør takast ut. Karakter som retningslinje.	Pkt. 4.7.3 vert sett som retningslinje.
4.10.2	Andre anlegg	Gjeld småbåtanlegg m/båtplass. Ulovleg. <b>Motsegn</b>	”Begrepet” småbåtanlegg vert skifta ut med båtplassar. Fylkeskommunen meiner denne føresegna er god forvaltning. Føresegna vert stramma inn i dialog med fylkesmann og fylkeskommune.
6.1.2	Fri-område.	Små tiltak. Ikkje heimel. Kan vera retningslinje.	Vert sett som retningsline.
7.1.4	LNF	Friluftstiltak. Ikkje heimel. Kan vera retningslinje.	Vert sett som retningslinje.
7.2.3	”	Mindre tiltak på bustadeigedomar. Siste setning er opplysning. Kan stå. Ikkje motsegn.	Ok.
8.1.2	Sjø og vassdrag	Mindre tiltak i strandsona. <b>Motsegn.</b> Blanding av formål. Vurdera inn under pkt 7.1 og 7.2.	Må endrast. Punktet er sett nærare på i samråd med vår konsulent. Punktet vert teke ut av føresegnene. Det gjev ikkje løyve til andre tiltak enn det som elles er med under andre føresegner.
7.	LNF	Næring på gardsbruk. <b>Motsegn.</b> Skal ikkje delast frå bruket.	Forbod mot deling av næringsareal på gardsbruk vert inkludert i 7.1.2.
7	”	Nytt punkt knytt til naturtypar.	Dette er påtenkt i 7.2.5, men vert gjort tydelegare. Bl.a. med direkte å visa til naturmangfaldlova.
	Spreidd naust	Feil fargekode.	OK, vert retta opp

	<b>Retning linjer.</b>		
4.10	Andre anlegg.	Nei til naust større enn 5m og 40 kvm i etablerte naustområder. <b>Motsegn.</b>	Naust høgare enn 5 m og større enn 40 kvm vert teke ut av retningslinja. Fylkesmannen seier likevel at her kan ein i enkelte saker visa skjøn, for eksempel oppbygging etter brann.
7.3	Spreidd LNF	” ”	Same som ovanfor

### **Fråsegn. Fiskeridirektoratet**

*Direktoratet registrerer at det i gjeldande arealplan ligg inne store fleirbruksområde med akvakultur, og vurderer det slik at dette gjev rom for utvikling i næringa i framtida. Vidare meiner dei omsynet til fiskeri er ivareteke gjennom areal som er sett av til fiske i planen. Det er no kartfesta data for registrerte gyteområde, og for framtida må desse leggjast til grunn gjennom arealplanlegginga. Direktoratet gjer vidare merksam på at framtidig utarbeiding av verneplanar vil leggja føringar på arealbruk innafor sjøområda i store deler av Tysnes kommune.*

I denne rulleringa av kommuneplanen har akvakultur og andre fiskeriinteresser ikkje vore tema. Fiskeridirektoratet sine opplysningar og tilrådingar vert dregne fram når kommunen startar ny rullering av sjødelen i kommuneplanen.

### **Fråsegn. Kystverket Vest.**

*Kystverket peiker på at det er gjort nokre endringar av farleiene i kommunen, og ber om at desse vert oppdatert og vist i teiknforklaringa med rett kode. Vidare ber dei om at opplagsområda i Uggdal og Onarheimsfjorden vert vist på plankartet. (Desse skal liggja inne frå før i 2004- planen).*

**Farleier og opplagsplassar vert retta opp i forhold til kystverket si kartløyning på nettsida.**

### **Fråsegn. Noregs vassdrags- og energidirektorat. NVE.**

*NVE understrekar at tryggleikskrava er fastsett i byggtেকnisk forskrift (TEK 10) og gjeld alle typar bygg. Dei rår til at det vert knytt omsynssone også til LNF-områda der potensial skredfare går fram av aktsemdkart. Vidare peikar NVE på at begge plankarta vert eintydige med tilvising til kvarandre.*

*NVE meiner kommunen må gjera ei vurdering i tråd med NVE si retningslinje 2/2011 "Flaum og skredfare i arealplanar", og viser i så måte til ROS-analysen for areal U14, omsorgsenter. Tilrådingar i ROS-analysen er ikkje følgt opp i føresegner og plankart.*

*NVE ber om at kommunen vurderer å innføra ei byggjegrænse mot elvar og bekkar. I retningslinje går det fram at 20 meter for bekkar og 50 -100 meter frå elvar kan dekkja område for potensial flaumfare.*

**NVE sine tilrådingar i høve til omsynssoner, føresegner og plankart vert vurdert og teke omsyn til så langt det let seg gjera.**

**Det vert lagt inn byggjegrænse på 20 meter langs bekkar og 50 meter langs elvar. Byggjegrænsa kan dispenserast etter ei fagleg flaumvurdering.**

Fylkesmannen har motsegn til ROS-analysen og akseptkriteriar som er brukt i konsekvensutgreiinga. Denne vil kommunen gå gjennom på nytt, og då vil kommunen samtidig retta opp dei merknader NVE har til ROS-analyse og samhör med plankart og føresegner.

Hålandsneset Grendalag.

*I merknad datert 16.12.11 meiner dei det er feil når det står at det er 28 % kjerneområde landbruk av arealet i Hålandsneset, og dermed feil i konsekvensutgreiinga. Tilsvarende feil når det er fare for snøskred. Vidare vil dei ha Søvdågen inn att som naustområde.*

Data om kjerneområde landbruk ligg i kartlegging utført av fylkesmannen, og skredfare utført av NVE. Når det gjeld konsekvensutgreiing har jordbrukssjefen gått god for at Hålandsneset har ikkje noko med kjerneområde landbruk å gjera. Jordbrukssjefen arbeider for tida med ein gjennomgang av kva som no er kjerneområde landbruk. Skredfare ligg i NVE sine "aktsomhetskart" og snøskred bør her vera lett å sjekka ut. Naustområde i Søvdågen vil verta vurdert på nytt når strandsoneplan for Sunnhordland er godkjent.

Fylkesmannen har motsegn til 10 spreidde bustader i Hålandsneset ut frå storleik på arealet. Plansjefen har bede grendalaget vurderer reduksjon av areal. I epost datert 30.01.12 har grendalaget sagt at dei primært ynskjer å halda på yttergrensene, men har skravert ut 4 områder som dei prioriterer. Sjå rådmannen sin kommentar til fylkesmannen sin uttale der motsegna er trekt.

Alsaker Fjordbruk.

*Bedrifta er nøgd med at fleirbruksområda i sjødelen er som før. Dette gjev næringa ein akseptabel fleksibilitet og rom for utvikling. Vidare peiker dei på bedrifta sitt samfunnsengasjement for å utvikla Onarheim-krinsen. Det er viktig at kommuneplanen no ikkje vert eit hinder i reguleringsplanen for Onarheim sentrum.*

**Vente på svar frå hfk..**

Tornes Grunneigarlag.

*Grunneigarlaget registrerer at innspela deira ikkje har fått gjennomslag, men dei registrerer ein opning når strandsoneplan for Sunnhordland er på plass. Vidare at tuna på bruka kan utviklast utan dispensasjon innanfor reglane for stadbunden næring.*

*Dei ber om status for korleis det kan byggjast på gardstun og frittståande bustader, utan dispensasjon.*

*Elles vert det peika på at akvakulturområde utanfor Tornesvika vart oppretthalde. Dei vonar framleis at akvakulturområde vert flytta lenger sør, helst sør om Korsvikeneset.*

I føresegner i kommuneplanen punkt 7.1 og 7.2 er det lagt inn regler for at gardstun og bustadeigedomar kan utviklast utan å gå vegen om dispensasjon. Flytting av akvakulturområde på Tornes vart vurdert i planprosessen, men vart avvist. Kommunen vil starta opp kartlegging og nye vurderingar i strandsona og i sjøareal, når strandsoneplanen for Sunnhordland er godkjent.

Lunde Bygdelag.

*Lunde Bygdelag ynskjer at Bakkajorda-Spelhaugen vert teke med i planen. Vidare peiker dei på at det må utarbeidast reguleringsplan for Lunde kai og sjøområdet utanfor. På Malkenes ber dei om at industriområde vert oppretthalde og at det vert offentleg kai med interkommunal deltaking.*

Bakkajorda-Spelhaugen vart teke ut av arealplanen i siste silingsrunde. Slik det har utvikla seg bør dette arealet inn att så snart kommunen tek opp att rullering av kommuneplanen. I planprosessen er det av formannskapet lagt positive føringar for at reguleringsplanen skal endrast og utvidast i samsvar med bygdelaget sine innspel. Kommunen må ta standpunkt til om det vert bygdelaget eller kommunen som står for planarbeidet. På Malkenes er det komme inn ny småbåthamn og område for spreidde bustader. Ingen av noverande areal vert teke ut.

Arbeidsgruppa for Fjordlandsbyen Våge

*Arbeidgruppa hadde innspel til planarbeidet og saknar fleksibilitet i areala som er lagt fram. Dei finn det vanskeleg å kombinera servise, næring og bustad. Vidare har dei registrert arealet langs sjøen sentralt i Våge er endra frå næring til bustad.*

Areal som låg inne i kommuneplanen frå 2004 er ført vidare i ny arealplan utan endringar av formål. Kommunen har arbeidd ut frå at endeleg formål for desse areala vert fastsett i reguleringsplan for Våge sentrum. Tysnes kommune har i høyringsrunde teke problemstillingen opp med fylkesmannen og fylkeskommunen. For å gjera det klårare for framtida, og i samråd med desse instansane;

**”vert arealformåla for noverande areal i Våge endra til kombinert bygg og anleggsformål, kode 1800. Endringa gjeld noverande næringsareal, forretning/servise, langs fylkesvegen frå ferjekaien til Svingen, og bustadareal i Vågsneset”.**

Fargesetjinga i areal lags sjøen i sentrum er feiltrykk og vert retta opp til kombinert formål som overfor.

Brynjulf Dalland.

*Han er den største grunneigar til avsett næringsareal (T10) på øvre Dalland. Restareal vert stengt for tilkomst. Han peiker på manglar i konsekvensutgreiing (KU) i forhold til skogsdrift, kulturminne, gamal ferdselveg og infrastruktur.*

I høyringsprosessen kom det spørsmål frå fylkesmannen kvifor kommunen ikkje bygde vidare på næringsområde i Eredalen mot nord, i staden for eit nytt område. Dette spørsmålet vert teke opp ved neste rullering av kommuneplanen dersom det viser seg at området på øvre Dalland ikkje vert regulert før den tid. Vert det i mellomtida starta arbeid med reguleringsplan, vert dei påpeika manglar i KUèn vurdert i denne prosessen. Ytre etatar har ikkje motsegn til dette arealet.

Harald Vindenes.

*Vindenes har i 4 brev vist sin skuffelse og manglande grunngjeving for at hans areal for spreidde bustader på Tysnes (T06) ikkje er komme med i kommuneplanen.*

Kommunen har ikkje anna svar enn det som står i konsekvensutgreiinga og det rådmannen skreiv i brev av 06.01.12. Arealet vart frårådd i KUèn og formannskapet tok det ut etter drøfting i møte 23.08.11. Ynskjer grunneigaren å byggja nytt bustadhus på eigedomen kjem dette inn under stadbunden næring.

Marit og Øyvind Christensen.

*Dei har hytte i strandkanten framfor område for spreidde bustader på Sletteskog/Flakka (O-03). Dei peikar på at nye tiltak kan vera til sjenanse for dei to hyttene som har vore der i 50 år, og dei ber om at området vert trekt lenger vekk frå sjøen.*

Arealet vart vesentleg redusert i KU-prosessen, og kommunen finn ikkje grunn til ytterlegare reduksjon.

Astrid og Steinar Dalland.

*Merknaden går på utviding av steinknuseverket på Teigland. Areal T-09 ligg ca. 200m frå deira eigedom. Dei peikar på at det er svært høgt støynivå og støv frå steinknuseverk, og dei finn det underleg at støy og støv ikkje er teke opp som ei problemstilling i konsekvensutgreiinga. Noverande steinknuseverk vart godkjent via dispensasjon til tross for at både fylkesmann og fylkeskommune rådde til reguleringsplan som grunnlag for avveging av interessekonflikt med m.a. naboskap.*

*Primært ynskjer dei at utviding av arealet vert teke ut av planen, og at det i samråd med tiltakshavar vert vurdert alternativ plassering lenger sør mot Andlavåg. Subsidiært at det vert krav om reguleringsplan bygt på støyfagleg vurdering.*

Etter føresegnene pkt. 3.1 er det krav om reguleringsplan før tiltak kan setjast i gang. Det er rett at støy og støvplager av ein eller annan grunn er utelate som tema i konsekvensutgreiinga. For å unngå at det kan verta gjeve dispensasjon frå plankravet i søknad om utviding av steinknuseverket, vert denne formulering ført inn i føresegnene under pkt 4.7.

**”Det skal utarbeidast reguleringsplan for utviding av steinknuseverk på Teigland. I samband med dette arbeidet skal det vurderast alternativ plassering, og det skal utarbeidast faglege vurderingar i forhold til støy, støv, skred, landskap, og auka tungtrafikk på fylkesvegen.”**

Asbjørn Myklestad.

*Han meiner det er uheldig at kommunen har prioritert Uggdalsstøo framfor ei interessegruppe i Uggdal sitt innspel for Vikane på Søreide, som ny småbåthamn i Uggdal. Han meiner ytre etatar har større problem med å godkjenna eit jomfrueleg og avsidesliggjande område som Uggdalsstøo er.*

I planprosessen fram mot nye areal til småbåthamn vart begge areal vurderte, men valet falt på Uggdalsstøo ut frå hamnemessige forhold. I Vikane står nordvesten på heilt frå Os. I tillegg er sjøarealet i Vikane registrert med fiskeinteresser og opplagsplass for tankbåtar.

Fylkesmannen har motsegn til Uggdalsstøo som ny småbåthamn i Uggdal. I møte med fylkesmannen den 30. mars d.å. vart begge areal for småbåthamn presentert og drøfta. I møtet vart motsegna for Uggdalsstøo trekt, og denne vert ny småbåthamn i Uggdal når småbåthamna på Myklestadeidet er utbygt.

Ole Johan Vernøy.

*Han eig eit nes i Hopssundet på Reksteren. På neset har han ei hytte og han ynskjer å byggje naust, båtopptrekk og veg. Han ber om at kommunen på nytt vurderer å leggja neset inn i kommuneplanen til område for fritidsbusetnad.*

Samarbeidsrådet i Sunnhordland har starta arbeidet med strandsoneplan for Sunnhordland. I prosessen med ny kommuneplan vart innspel av denne type utsett inntil strandsoneplanen er godkjent. Dette fordi kommunen har stor tru på at strandsoneplanen skal gjera det lettare å få fortetta i strandsona når den planen er på plass. Innspelet vert då teke opp att på nytt.

Nils Sletteskog.

*Han har registrert at deler av hans eigedom er komme inn under område for spreidd bustadbygging i Flakkavåg/Sletteskog. Han forutset at grunneigar vert halde orientert om vidare planar i område.*

Arealet var i startfasen vesentleg større, men vart redusert etter første konfliktanalyse. Ei utbygging vil ikkje skje utan etter eit initiativ frå grunneigar. Men no er arealet frigjeve i forhold til ytre etatar dersom ein eller fleire av grunneigarane ynskjer utbygging.

Einar Wathne.

*Han er eigar av nordre Rabbalsvik på Malkenes. Område vart avsett til bustadbygging i 2004-planen, men det er ikkje regulert. Han ynskjer no å nytta arealet til hyttebygging, og håper at arealet framleis vert liggjande i kommuneplanen.*

Kommunen har ikkje i høyringsrunde fått signal om å ta ut arealet i ny arealplanen. Endring av formålet til hyttebygging må takast opp i privat reguleringsplan.

Johnny Ve.

*Johnny Ve og Elisabeth Lihaug protesterer på at naustområde i Haukafervågen er lagt inn med mogleg fortetting og småbåtanlegg.*

Kommuneplanen viser at naustområde kan fortettast og byggjast ut med mindre småbåtanlegg. Men ei slik utbygging vil ikkje skje utan eit initiativ og søknad frå grunneigarar og rettighetshavarar.

Wenche Veland.

*Ho er positiv til at det er lagt inn 2 spreidde bustadområde (R 1 og 9), men kritisk til det låge talet på til saman 7 bustader. Ho stiller seg uforståande til at ein person kan få etablert 12 hus på Åsvågneset (R2), medan ho ikkje får endra ein mindre del av sin eigedom frå LNF til område for fritidsbustader.*

*Ho er positiv til at det er lagt opp til fortetting med naust i Haukafervågen (R4), men område burde vore utvida til også å ta med Notaskjeret. Vidare er ho overraska og uforståande til at det er lagt opp til småbåtanlegg, kai, landgang og parkeringsplass i Haukafervågen, og ber om at dette vert fjerna frå planen.*

7 nye spreidde bustader på Reksteren kjem i tillegg til dei 13 som ligg ubebygde frå 2004-planen. Også kommuneplanen kunne tenkt seg fleire hus, men det er dette me har fått til i plan-

prosessen. Utviding av naustområde til også gjelda Notaskjeret vert teke opp i ny rullering av kommuneplanen. Det same må også gjelda fritidsområde. Det var dette me fekk til i denne planprosessen etter dialog med statlege og andre offentlege interesser, og skal nye areal inn no må planen ut på ny høyring.

Når det gjeld småbåtanlegg i Haukafervågen viser me til rådmannen sin kommentar til Johnny Ve sin merknad.

Lars Rune Kaldestad.

*Merknaden er på vegne av Halgjerdsvika hyttelag og gjeld både kommuneplan og strandsonenplan for Sunnhordland, og går på endring av reguleringsplanen for Heningen frå industri til friluftsområde.*

Eit innspel frå tidlegare eigar av industriområde på Heningen om endring av reguleringsplanen vart vurdert i planprosessen. Kommunen konkluderte der med at kommunen skulle halda på på industriformålet. Seinare er det gjeve byggjeløyve for å opparbeida resten av dette område til industri. Klage frå hyttelaget førte ikkje fram.

Jørn Vidar Veland.

*Merknaden er som eigar av nausttomt i Haukafervågen. Han ser ikkje behovet for småbåtanlegg i Haukafervågen. Fortetting med naust er han positiv til, men ynskjer det utvida i nordaustleg retning.*

Det vert vist til kommentar til merknad frå Johnny Ve og Wence Veland.

Kjetil Lavik.

*I Myrdal (L-13) er det tidlegare godkjent 9 hyttetomter, og det er no lagt inn 3 ny. Han meiner planomtalen kan misforståast då ikkje alle tidlegare godkjente hyttetomter er bygt på. Han ber om at det vert gjort meir tydeleg at det til saman vert 12 hyttetomter.*

Det er ikkje tvil om at det er 3 nye hytter som er lagt inn i planen i tillegg til dei 9 hyttetomtene som er godkjent tidlegare. Planomtalen vert gjort tydelegare.

Lars Vernøy Hope.

*Ingeborg Karin Hope på vegne av Lars Vernøy Hope ønskjer/forlanger ein ny gjennomgang av deira innspel til kommuneplanen. Dei meiner innspelet oppfyller og tilfredstiller dei krav og forskrifter som er lagt til grunn i planarbeidet.*

Innspelet inneheld 2 område for spreidde bustader, hytter for utleige, næring m/parkering, felles småbåthamn, naustrekkje for sal, og 2 naustområde tilhøyrande garden. Det meste av arealet ligg i strandsona på austsida av Vernøy. Frå starten av var alle desse formåla, med unntak av hytter, med i planprogrammet. Men etter kvart som planprosessen skrei fram snevra satsingsområda inn til; - bustadområde i alle tettstader, - småbåthamner i alle krinsar og større bygder, - og fortetting i dei største naustområda. Grunnlaget for denne reduksjonen kom etter møter med eksterne offentlege instansar og det pågåande arbeidet med strandsoneprojektet i Sunnhordland. Alle andre areal vart på dette grunnlag utsett inntil det er godkjent strandsonenplan for Sunnhordland basert på nye statlege retningslinjer.

Einar Aslaksen.

*Han kjem med innspel for 2 nye private byggjefelt på Teigland. Det eine opp mot Korsfjorden, og det andre frå steinknuseverket til Øykjaskåro.*

Kommunen har i planprosessen vurdert område frå Lande og nordover øvre del av Vee og Teigland som framtidige bustadområde i Tysneskrinsen. Men i denne planrulleringa har Våge sentrum og arealet opp mot Lande vorte prioritert.

Albert Muilwijk.

*Han klager på at hans innspel om hyttebygging ved Myrdalsvatnet ikkje er teke med i kommuneplanen.*

Nye hytteområde har ikkje vore ein del av satsingsområde for denne rulleringa av kommuneplanen.

Helse- og sosialsjefen.

*rår til at det vert avsett areal til gangveg langs vegen frå Våge til Uggdal.*

Det ligg inne i arealplanen gangveg frå Windsorkrysset til Uggdal skule.

Åse Egeland og Rune Forland.

*Dei ber om at nytt bustadområde på deira eigedom på Lande vert fjerna frå planen.*

Nye areal for utvikling av Våge sentrum har vore nøye vurdert over mange år. Kommunen har også i denne prosessen funne det rett at grunneigarinteressene må vika for nye arealbehov i tettstaden Våge.

Vidar Vedå.

*På vegne av ein grunneigar på Ånuglo vert det klaga på at innspelet om 3 nye hytter, 1 naust og småbåthamn, ikkje er komme med i kommuneplanen.*

Dette er eit av mange innspel til kommuneplanen som ligg i strandsona som ikkje er teke med i denne rulleringa. Strandsona på Ånuglo vil verta vurdert på nytt når strandsoneplan for Sunnhordland er godkjent.

#### **INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15, vert arealdelen i kommunen for perioden 2010 – 2022 godkjent. Vedtaket er ikkje gyldig før arealplanen er retta opp med dei endringar som går fram under, og fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommunen har skriftleg trekt motsegnene.

Endringar ut frå motsegner og merknader frå Hordaland fylkeskommune.

- **Onarheim sentrum.** Det vert å be Hordaland fylkeskommune om eit nytt møte med det mål å få oppheva motsegna. Dersom kommunen ikkje når fram vert det å be fylkesmannen kalla inn til mekling. Når kommunen ikkje fram i meklinga går arealet vidare til Miljøverndepartementet.



Dersom motsegna vert oppheva vert det gjort desse endringar:

Kombinert byggje- og anleggsformål vert teke ut av planen. I staden vert det lagt inn eit lite areal for utviding av gravplass nordvest for kyrkja, og sentrumsareal mellom kyrkja og areal tidlegare avsett til skule/offentleg formål. Areala vert teke ut av planen dersom kommunen i reguleringsplanprosessen ikkje kjem fram til godkjent plan.

Automatisk freda kulturminne vert lagt inn som omsynssone d) i samsvar med fylkeskommunen sin rapport 22, 2011. Omsynssone c) vert lagt inn i samsvar med kartskisse utarbeidd av fylkeskonservatoren.

- **Omsorgsenter, Myklestad U 14:** Omsynssone c) og d) vert lagt inn i samsvar med kartskisse utarbeidd av fylkeskommunen.
- Dei automatisk freda **mellomalderkyrkjestadane i Uggdal, Tysnes og Onarheim** vert vist i planen med omsynssone d), og får tilknytt desse føresegner:

”Mellomalderkyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillete i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep.”

”Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan virke inn på det automatisk freda kulturminne er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rette antikvariske mynde, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar, vert belasta tiltakshavar.

- **Næringsformål på Årbakka, O 17,** vert teke av planen.
- **Bustad/sentrumsføremål i Våge/Svevågen, T 2,** vert i samsvar med fylkeskonservatoren sitt innspel gjeve omsynssone c) og d), og får tilknytt desse 2 punkt i føresegnene:

Omsynssone d):

”Det automatisk freda kulturminne er bandlagt etter kulturminnelova. Tiltak eller inngrep som kan øydeleggja, skada, tildekkja eller på annan måte utilbørleg skjemma kulturminne mellombels eller permanent, er ikkje tillete, jfr. Kulturminnelova §3.”

Omsynssone c):

”Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminne i område. Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering i forhold til kulturminnelova § 3”

- **I føresegner** vert desse 2 punkt teke inn:

Til LNF- areal.

”Alle tiltak i ubebygde eigedomar innanfor spreidd LNF, med unntak av dei tiltaka som er skildra i punkt 7.2.4, skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering i høve kulturminnelova §§ 3, 8 og 9.

Til generelle føresegner:

”Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø, og andre kulturminne (til dømes sjøbruksmiljø) skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar, og verta sett i stand, jfr.pbl §11-9 nr.7.”

#### Endringar ut frå motsegner og merknader frå fylkesmannen i Hordaland.

Desse areal vert teke ut av planen:

- T4, Seeberg I. Spreidd bustad
- T5, Seeberg II. Spreidd bustad.
- T12, Gjerstad. Regulert bustadområde.
- R2, Åsvågneset. Regulert bustad og hytter.
- L6, Hetledalen-Humlevik. Småbåthamn.
- L8, Synningsneset. Naust spreidd i LNF.
- O14, Tveitaneset. Naustområde.

Desse areal får vilkår i føresegnene:

- **O4, Skorpetveit.** Spreidd bustad i LNF: ” Det skal ikkje byggjast eller gjerast anleggsarbeid i naturtypen edellauvskog. Heller ikkje slik at det kjem i konflikt med landskap.”
- **O2, Myklebusthagen.** Bustadområde. ”Ved utarbeiding av reguleringsplan må nye tiltak ikkje koma i konflikt med registrert naturbeitemark av høg verdi.”
- **O10, Teigasundet.** Spreidd naust. ”Det vert krav om reguleringsplan sett i samanheng med nytt naustområde, O11.”
- **U13, Drangsvågen.** Spreidd naust: ”Det skal ikkje byggjast eller gjerast anleggsarbeid i naturtypen edellauvskog.”
- **U10, Søreidsvågen.** Spreidd naust: ”Det skal utarbeidast reguleringsplan.”
- **O16, Hetlelidsjøen.** Spreidd naust: ”Det skal utarbeidast reguleringsplan.”
- **U16, Konksvikvågen.** Småbåthamn: ”Dyrka mark må ikkje verta teke i bruk til formåla.”

Desse areal for spreidd bustad i LNF vert redusert etter semje i møter med fylkesmannen:

- R9, Reksteren.
- U2, Hålandsneset.
- U5 Nese.
- L2, Bakka i Lunde.

**T3, Småbåthamn Gjerstad/Gjersvika.** «Småbåthamn og friluftsområde i sjø vert vist med kvar sine formål. Andre justeringar vert gjort på reguleringsplannivå.»

**Føresegner** skal rettast opp i samsvar med dei føringar som ligg i saksutgreiinga.

Det vert ein ny gjennomgang av **akseptkriteriar, ROS-analyse og konsekvensutgreiing.** Denne gjennomgang, i tillegg til vurdering av arealgrenser, vert tilpassa slik at motsegn for areal U14, omsorgsenter i Uggdal, og U17, miljøstasjon i Eredalen, vert trekt.

#### Endring ut frå merknad frå Kystverket Vest.

”Farleier og opplagsplassar vert retta opp på plankartet i forhold til kystverket si kartløyising på nettsida.”

Endring ut frå merknader frå NVE.

”NVE sine tilrådingar i høve til omsynssoner, føresegner og plankart vert vurdert og teke omsyn til så langt det let seg gjera.

Det vert i føresegner lagt inn byggjegrænse på 20 meter langs bekkar og 50 meter langs elvar. Byggjegrænse kan dispenserast etter flaumvurdering.”

Endring ut frå merknad frå arbeidsgruppa for Fjordlandsbyen Våge.

”Arealformåla for noverande arealplan (2004) i Våge vert endra til kombinert bygg og anleggsformål, kode 1800. Endringa gjeld noverande nærings- og forretning/serviseareal langs fylkesvegen frå ferjekaien til Svingen, og bustadareal i Vågsneset”.

Endring ut frå merknad frå Astrid og Steinar Dalland.

Nytt punkt 4.7.4 i føresegnene. ”Det skal utarbeidast reguleringsplan for utviding av areal **T9, steinknuseverk på Teigland**. I samband med dette arbeidet skal det vurderast alternativ plassering, og det skal utarbeidast faglege vurderingar i forhold til støy, støv, skred, landskap, og tuntrafikk på fylkesvegen.”

**Etter rådmannen si vurdering vil alle motsegnene, med unntak Onarheim sentrum, vera trekt når desse endringar er gjennomført.**

**HANDSAMING I FORMANNSKAPET 24.04.12:**

**VEDTAK I FORMANNSKAPET 24.04.12:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15, vert arealdelen i kommunen for perioden 2010 – 2022 godkjent. Vedtaket er ikkje gyldig før arealplanen er retta opp med dei endringar som går fram under, og fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommunen har skriftleg trekt motsegnene.

Endringar ut frå motsegner og merknader frå Hordaland fylkeskommune.

- **Onarheim sentrum.** Det vert å be Hordaland fylkeskommune om eit nytt møte med det mål å få oppheva motsegna. Dersom kommunen ikkje når fram vert det å be fylkesmannen kalla inn til mekling. Når kommunen ikkje fram i meklinga går arealet vidare til Miljøverndepartementet.

Dersom motsegna vert oppheva vert det gjort desse endringar:

Kombinert byggje- og anleggsformål vert teke ut av planen. I staden vert det lagt inn eit lite areal for utviding av gravplass nordvest for kyrkja, og sentrumsareal mellom kyrkja og areal tidlegare avsett til skule/offentleg formål. Areal vert teke ut av planen dersom kommunen i reguleringsplanprosessen ikkje kjem fram til godkjent plan.

Automatisk freda kulturminne vert lagt inn som omsynssone d) i samsvar med fylkeskommunen sin rapport 22, 2011. Omsynssone c) vert lagt inn i samsvar med kartskisse utarbeidd av fylkeskonservatoren.

- **Omsorgsenter, Myklestad U 14:** Omsynssone c) og d) vert lagt inn i samsvar med kartskisse utarbeidd av fylkeskommunen.
- Dei automatisk freda **mellomalderkyrkjestadane i Ugddal, Tysnes og Onarheim** vert vist i planen med omsynssone d), og får tilknytt desse føresegnar:

”Mellomalderkyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillete i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep.”

”Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan virke inn på det automatisk freda kulturminne er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rette antikvariske mynde, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar, vert belasta tiltakshavar.

- **Næringsformål på Årbakka, O 17,** vert teke av planen.
- **Bustad/sentrumsføremål i Våge/Svevågen, T 2,** vert i samsvar med fylkeskonservatoren sitt innspel gjeve omsynssone c) og d), og får tilknytt desse 2 punkt i føresegnene:

Omsynssone d):

”Det automatisk freda kulturminne er bandlagt etter kulturminnelova. Tiltak eller inngrep som kan øydeleggja, skada, tildekkja eller på annan måte utilbørleg skjemma kulturminne mellombels eller permanent, er ikkje tillete, jfr. Kulturminnelova §3.”

Omsynssone c):

”Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminne i område. Saker som gjeld tiltak i om-  
synssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering i forhold til kultur-  
minnelova § 3”

- **I føresegner** vert desse 2 punkt teke inn:

Til LNF- areal.

”Alle tiltak i ubebygde eigedomar innanfor spreidd LNF, med unntak av dei tiltaka som er skildra i punkt 7.2.4, skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering i høve kulturminnelova §§ 3, 8 og 9.

Til generelle føresegner:

”Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø, og andre kulturminne (til dømes sjø-  
bruksmiljø) skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar, og verta sett i  
stand, jfr.pbl §11-9 nr.7.”

#### Endringar ut frå motsegner og merknader frå fylkesmannen i Hordaland.

Desse areal vert teke ut av planen:

- T4, Seeberg I. Spreidd bustad
- T5, Seeberg II. Spreidd bustad.
- T12, Gjerstad. Regulert bustadområde.
- R2, Åsvåneset. Regulert bustad og hytter.
- L6, Hetledalen-Humlevik. Småbåthamn.
- L8, Synningsneset. Naust spreidd i LNF.
- O14, Tveitaneset. Naustområde.

Desse areal får vilkår i føresegnene:

- **O4, Skorpetveit.** Spreidd bustad i LNF: ” Det skal ikkje byggjast eller gjerast anleggsarbeid i naturtypen edellauvskog. Heller ikkje slik at det kjem i konflikt med landskap.”
- **O2, Myklebusthagen.** Bustadområde. ”Ved utarbeiding av reguleringsplan må nye tiltak ikkje koma i konflikt med registrert naturbeitemark av høg verdi.”
- **O10, Teigasundet.** Spreidd naust. ”Det vert krav om reguleringsplan sett i samanheng med nytt naustområde, O11.”
- **U13, Drangsvågen.** Spreidd naust: ”Det skal ikkje byggjast eller gjerast anleggsarbeid i naturtypen edellauvskog.”
- **U10, Søreidsvågen.** Spreidd naust: ”Det skal utarbeidast reguleringsplan.”
- **O16, Hetlelidsjøen.** Spreidd naust: ”Det skal utarbeidast reguleringsplan.”
- **U16, Konksvikvågen.** Småbåthamn: ”Dyrka mark må ikkje verta teke i bruk til for-  
måla.”

Desse areal for spreidd bustad i LNF vert redusert etter semje i møter med fylkesmannen:

- R9, Reksteren.
- U2, Hålandsneset.
- U5 Nese.
- L2, Bakka i Lunde.

**T3, Småbåthamn Gjerstad/Gjersvika.** «Småbåthamn og friluftsområde i sjø vert vist med kvar sine formål. Andre justeringar vert gjort på reguleringsplannivå.»

**Føresegner** skal rettast opp i samsvar med dei føringar som ligg i saksutgreiinga.

Det vert ein ny gjennomgang av **akseptkriteriar, ROS-analyse og konsekvensutgreiing**. Denne gjennomgang, i tillegg til vurdering av arealgrenser, vert tilpassa slik at motsegn for areal U14, omsorgsenter i Uggdal, og U17, miljøstasjon i Eredalen, vert trekt.

Endring ut frå merknad frå Kystverket Vest.

”Farleier og opplagsplassar vert retta opp på plankartet i forhold til kystverket si kartløyning på nettsida.”

Endring ut frå merknader frå NVE.

”NVE sine tilrådingar i høve til omsynssoner, føresegner og plankart vert vurdert og teke omsyn til så langt det let seg gjera.

Det vert i føresegner lagt inn byggjegrænse på 20 meter langs bekkar og 50 meter langs elvar. Byggjegrænse kan dispenserast etter flaumvurdering.”

Endring ut frå merknad frå arbeidsgruppa for Fjordlandsbyen Våge.

”Arealformåla for noverande arealplan (2004) i Våge vert endra til kombinert bygg og anleggsformål, kode 1800. Endringa gjeld noverande nærings- og forretning/serviseareal langs fylkesvegen frå ferjekaien til Svingen, og bustadareal i Vågsneset”.

Endring ut frå merknad frå Astrid og Steinar Dalland.

Nytt punkt 4.7.4 i føresegnene. ”Det skal utarbeidast reguleringsplan for utviding av areal **T9, steinknuseverk på Teigland**. I samband med dette arbeidet skal det vurderast alternativ plas-

sering, og det skal utarbeidast faglege vurderingar i forhold til støy, støv, skred, landskap, og tungtrafikk på fylkesvegen.”

**Etter rådmannen si vurdering vil alle motsegnene, med unntak Onarheim sentrum, vera trekt når desse endringar er gjennomført.**

#### **HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 26.04.12:**

#### **VEDTAK I KOMMUNESTYRET 26.04.12:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15, vert arealdelen i kommunen for perioden 2010 – 2022 godkjent. Vedtaket er ikkje gyldig før arealplanen er retta opp med dei endringar som går fram under, og fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommunen har skriftleg trekt motsegnene.

#### Endringar ut frå motsegner og merknader frå Hordaland fylkeskommune.

- **Onarheim sentrum.** Det vert å be Hordaland fylkeskommune om eit nytt møte med det mål å få oppheva motsegna. Dersom kommunen ikkje når fram vert det å be fylkesmannen kalla inn til mekling. Når kommunen ikkje fram i meklinga går arealet vidare til Miljøverndepartementet.

Dersom motsegna vert oppheva vert det gjort desse endringar:

Kombinert byggje- og anleggsformål vert teke ut av planen. I staden vert det lagt inn eit lite areal for utviding av gravplass nordvest for kyrkja, og sentrumsareal mellom kyrkja og areal tidlegare avsett til skule/offentleg formål. Areal vert teke ut av planen dersom kommunen i reguleringsplanprosessen ikkje kjem fram til godkjent plan.

Automatisk freda kulturminne vert lagt inn som omsynssone d) i samsvar med fylkeskommunen sin rapport 22, 2011. Omsynssone c) vert lagt inn i samsvar med kartskisse utarbeidd av fylkeskonservatoren.

- **Omsorgsenter, Myklestad U 14:** Omsynssone c) og d) vert lagt inn i samsvar med kartskisse utarbeidd av fylkeskommunen.
- Dei automatisk freda **mellomalderkyrkjestadane i Ugddal, Tysnes og Onarheim** vert vist i planen med omsynssone d), og får tilknytt desse føresegner:

”Mellomalderkyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillete i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep.”

”Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan virke inn på det automatisk freda kulturminne er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rette antikvariske mynde, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar, vert belasta tiltakshavar.

- **Næringsformål på Årbakka, O 17**, vert teke av planen.
- **Bustad/sentrumsføremål i Våge/Svevågen, T 2**, vert i samsvar med fylkeskonservatorens sitt innspel gjeve omsynssone c) og d), og får tilknytt desse 2 punkt i føresegnene:

Omsynssone d):

”Det automatisk freda kulturminne er bandlagt etter kulturminnelova. Tiltak eller inngrep som kan øydeleggja, skada, tildekkja eller på annan måte utilbørleg skjemma kulturminne mellombels eller permanent, er ikkje tillete, jfr. Kulturminnelova §3.”

Omsynssone c):

”Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminne i område. Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering i forhold til kulturminnelova § 3”

- **I føresegner** vert desse 2 punkt teke inn:

Til LNF- areal.

”Alle tiltak i ubebygde eigedomar innanfor spreidd LNF, med unntak av dei tiltaka som er skildra i punkt 7.2.4, skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering i høve kulturminnelova §§ 3, 8 og 9.

Til generelle føresegner:

”Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø, og andre kulturminne (til dømes sjøbruksmiljø) skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar, og verta sett i stand, jfr. pbl §11-9 nr.7.”

Endringar ut frå motsegner og merknader frå fylkesmannen i Hordaland.



Desse areal vert teke ut av planen:

- T4, Seeberg I. Spreidd bustad
- T5, Seeberg II. Spreidd bustad.
- T12, Gjerstad. Regulert bustadområde.
- R2, Åsvåneset. Regulert bustad og hytter.
- L6, Hetledalen-Humlevik. Småbåthamn.
- L8, Synningsneset. Naust spreidd i LNF.
- O14, Tveitaneset. Naustområde.

Desse areal får vilkår i føresegnene:

- **O4, Skorpetteit.** Spreidd bustad i LNF: ”Det skal ikkje byggjast eller gjerast anleggsarbeid i naturtypen edellauvskog. Heller ikkje slik at det kjem i konflikt med landskap.”
- **O2, Myklebusthagen.** Bustadområde. ”Ved utarbeiding av reguleringsplan må nye tiltak ikkje koma i konflikt med registrert naturbeitemark av høg verdi.”
- **O10, Teigasundet.** Spreidd naust. ”Det vert krav om reguleringsplan sett i samanheng med nytt naustområde, O11.”
- **U13, Drangsvågen.** Spreidd naust: ”Det skal ikkje byggjast eller gjerast anleggsarbeid i naturtypen edellauvskog.”
- **U10, Søreidsvågen.** Spreidd naust: ”Det skal utarbeidast reguleringsplan.”
- **O16, Hetlelidsjøen.** Spreidd naust: ”Det skal utarbeidast reguleringsplan.”
- **U16, Konksvikvågen.** Småbåthamn: ”Dyrka mark må ikkje verta teke i bruk til formåla.”

Desse areal for spreidd bustad i LNF vert redusert etter semje i møter med fylkesmannen:

- R9, Reksteren.
- U2, Hålandsneset.
- U5 Nese.
- L2, Bakka i Lunde.

**T3, Småbåthamn Gjerstad/Gjersvika.** «Småbåthamn og friluftsområde i sjø vert vist med kvar sine formål. Andre justeringar vert gjort på reguleringsplannivå.»

**Føresegner** skal rettast opp i samsvar med dei føringar som ligg i saksutgreiinga.

Det vert ein ny gjennomgang av **akseptkriteriar, ROS-analyse og konsekvensutgreiing**. Denne gjennomgang, i tillegg til vurdering av arealgrenser, vert tilpassa slik at motsegn for areal U14, omsorgsenter i Uggdal, og U17, miljøstasjon i Eredalen, vert trekt.

Endring ut frå merknad frå Kystverket Vest.

”Farleier og opplagsplassar vert retta opp på plankartet i forhold til kystverket si kartløyning på nettsida.”

Endring ut frå merknader frå NVE.

”NVE sine tilrådingar i høve til omsynssoner, føresegner og plankart vert vurdert og teke omsyn til så langt det let seg gjera.

Det vert i føresegner lagt inn byggjegrænse på 20 meter langs bekkar og 50 meter langs elvar. Byggjegrænsa kan dispenserast etter flaumvurdering.”

Endring ut frå merknad frå arbeidsgruppa for Fjordlandsbyen Våge.

”Arealformåla for noverande arealplan (2004) i Våge vert endra til kombinert bygg og anleggsformål, kode 1800. Endringa gjeld noverande nærings- og forretning/serviseareal langs fylkesvegen frå ferjekaien til Svingen, og bustadareal i Vågsneset”.

Endring ut frå merknad frå Astrid og Steinar Dalland.

Nytt punkt 4.7.4 i føresegnene. ”Det skal utarbeidast reguleringsplan for utviding av areal **T9, steinknuseverk på Teigland**. I samband med dette arbeidet skal det vurderast alternativ plassering, og det skal utarbeidast faglege vurderingar i forhold til støy, støv, skred, landskap, og tungtrafikk på fylkesvegen.”

Etter rådmannen si vurdering vil alle motsegnene, med unntak Onarheim sentrum, vera trekt når desse endringar er gjennomført.